

Men også den norske natur må få leve, og vi sammen med eller i den. Vi er alle — *alle* — interessert i at der ikke blir foretatt «grotesk kirurgi», og vi blir det mer og mer, her i Norge som ellers i verden. Den plikt har vi både overfor oss selv og dem som kommer etter oss.

Den reaksjon og den opinion som nevnte foreninger nå i vinter og utover vårparten grunnlagt har gitt uttrykk for, er rettidig fremsett og påkrevet og følgelig helt på sin plass. Først og fremst i Trøndelags interesse, men også i samfunnets og landets interesse samt i pakt med fremtiden.

Når Naturvernforreningen og T.T. arbeider med saken «på bred basis» — så har de mange bak seg når de skal forsøke å vareta våre alles naturinteresser. — De har et ganske stort ansvar både overfor oss nålevende og overfor dem som har krav på vårt norske naturliv i årene som kommer. Ha «Norge i våre hjerter» — og la Norge «blomstre over våre grave».



Utenfor Singerhytta

Utlånt av Olaus Aune

LEIF HALSE

Josva E. Halle

*«Det muntre sinn, den seige kropp gir fjellet den,
som elsker det og dyrker det.»*

(J. E. H.)

i hytteboka i Neådalshytta.)

Du som har vandra i vestre Trollheimen, kjenner namnet og mannen og veit at han i meir enn ein mannsalder var husbond på fjellgarden Kårvatn i Todalen. Han helsa deg velkommen til gards, og du fekk ei god kjensle av at han meinte det. Han tok seg av vandringsmannen og hjalp til rettes, og han tok seg tid til å prate med folk — ikkje vanleg kaldprat om ver og vind, om korte ruter og lange ruter. Nei, han fekk deg gjerne med på ein samtale som du kom til å minnast, og når du seinare skulle fortelje om Kårvatn, så var det ikkje berre naturbiletet du prøvde å risse opp: denne trygge, velbygde garden, på flate vollar ved elva og med bratte Trollheimsfjell omkring. Nei, det var heller husbonden du fortalte om — samtalen med han oppå den høge dørakloppa — om eit menneske du hadde møtt.

* * *

Josva Halle var fødd i Øyå, ein av Halla-gardane i Todalen, og hans barndom og ungdom var som for bygdagutar flest: arbeid heime på garden og gjeting inni marka og oppi Romådalen. Øyåsetra ligg inst i Romådalen tett innunder den ruvande Botn-nebba. Innafor setra går Botnelva i kvite fossar, skjer seg ned i hoggbratte

djuv og når dalbotnen, der ho herjar og bryt i myrlandet før ho fell ut i Romådalselva. På sørsida av dalen går Tydalsnebbha veggbratt til vers med fonnelaup og skårer og får etter utrap og steinsprang. Øyåsetra ligg noko opphøgt med utsyn over dalen — vestover mot fjella på sørsida av Todalen og austover mot høgdena ved Fagerlidalen — eit vidsløkt og vakkert fjellrike, der det var godt å vera, og der kvar dag hadde nok med sine eigne plager og gleder. Noko å lengte tilbake til for den som ein gong hadde levd seg sammen med dal og fjell og vindblesne teler.

* * *

I ung alder prøvde Josva Halle å slite dei banda som batt til heimlege trakter. Med tanke på å bygge seg ei framtid borte frå Hallagrend og Romådal drog han ut. Han gjekk på skole og vart ingeniør, og så bar det til Amerika, landet som flaut over av velstand og teknikk. I fem lange år jobba han der og prøvde seg på brubygging, dambygging og gullgraving. Men han kom aldri til å trivast i Amerika — kanskje var livet der for hektisk uroleg, og da det spurtes at Sam Eyde skulle gå i gang med å reise storindustri i Norge, bestemte han seg til å dra heim. Men det vart ikkje så han for til Rjukan. Han tok teneste som dreng på Kårvatn og var med i onnearbeid, på tømmerhogging og fjellkjøring og treivst med det. I 1911 tok han over Kårvatn og satt som husbond på fjellgarden i nærare førti år.

* * *

Mange har spurt om grunnen til at Josva Halle slutta som ingeniør og slo seg til ro inne i Trollheimen. I samtaler på tomanns hand kunne han stundom fortelje litt om det: «Det er vanskeleg å finne ord for det, men faktisk kjente eg det som noko av ei frigjering da eg kunne forlate kontoret med tegnebrett og rissefjær og byte desse arbeidsreidskapane med øks og sag, lå og rive, reip og taumar. Samstundes fekk eg på ny kjenne ein sterk og naturleg hunger og gleda ved å eta meg mett. Eg fekk oppleve å gå i tungt arbeid og koma trøyytt heim til kvelds og sova den djupe, gode søvn som berre

kroppsarbeid kan gje — ei gave frå himmelen, ei gave som etter kvar endt arbeidsdag er like vedunderleg og ny. I min barndoms katekisme stod å lese: «I ditt ansikts sved skal du ete ditt brød!» Personleg synes eg at ei slik formulering er både rettare og sannare: I ditt ansikts sved skal du *nyte* ditt brød!»

* * *

Her på Kårvatn oppdaga Josva Halle eit nytt fjell-paradis: Neådalen. Her er eit godt fiskevatn. Her løfter Neådals-snota si tverrhogne kjegletopp mot himmelen, og her innunder Snota sette han opp ei hytte — Neådalshytta.

Det tok etter kvart til å bli stor turisttrafikk her i vestre Trollheimen. Dei kom traskande gjennom Naustådalen og Gammelseterdalen, men til Neådalen kom dei ikkje. Her gjekk det nemleg kvar sommar ei oksedrift på beite, og oksar og turistar går ikkje godt i hop. Her kunne ein vera åleine, og her kunne ein sette seg ned og lytte til «ensomhetens store sang».

På ein intim og forunderleg måte var Josva Halle venn med fjellet. I sol eller skodde — ved høglys dag eller nattetider — gjekk han trygt og kom alltid velberga fram. Han fortalte om ein gong han skulle over til Romådalen. Han vart borthefta på turen og mørkna ned. Da han kom frampå brunene og skulle ta seg ned den tverrbrate og vanskelege stigen til Romådalen, var det så mørkt at han såg ikkje neven for tennene. Han visste at det skulle bli måneskin når det leid på natta, og så sette han seg der frampå stupet og venta. Der var underleg å sitte åleine der i kolmørkret, men redd var han ikkje. Så dukka månen opp og la eit bleikt lys over fjella — over Snota og Fruhetta. Månelyset drog seg nedover fjellsidene og nådde Romådalen, der elva lyste som sølv. Uti dalen gråna det i Øyåsetra der ho kvilte på svaberget sitt. Aldri hadde han sett Romådalen vakrare enn den månenatta. Han reiste seg og fann stigen til dals og kom velberga fram til setra under Botnnebbha.

* * *

Det seier seg sjøl at ein mann med Josva Halles utdanning og arbeidskraft ikkje fekk sitte i fred på Kårvatn. Heimbygda hadde bruk for han og sette han inn i heradstyre og formannskap og valde han til ordførar. Men, som det står i visa: «all hans manndom og bedrift kan ei stå i dette skrift». Her skal vi berre ta med naturelskaren — som atter og atter vende tilbake til naturen og fann kvile, fred og harmoni. Derfor vart Neådalen eit valfartssted, og sjøl var han pilgrimen som stadig vende tilbake til fjellet og einsemda og den store stilla. I Neådalshytta ligg det ei hyttebok. Ein haustkveld i 1952 skreiv Josva Halle:

«Jeg ser at hytteboka nærmer seg slutten. Kanskje er det noe symbolsk ved dette — slik at det snart er slutt med mine Neådalsurer. Jeg er jo 76,5 år gammel!

Etter å ha plukket garna sitter jeg nå alene i hytta, og da er det naturlig å reflektere litt over gamle minner fra denne Neådalen. Der er 44 år siden jeg fisket her første gang, og i denne tida har jeg på året ned mang en fiskbør — somme av disse har vært nokså tunge. Noen avskjed med dalen vil jeg nødvendig ta, for da kom jeg til å bli sentimental, og det er ikke bra. Så sant krefter og helse strekker til, kommer jeg igjen. — Men mang en herlig tur har jeg hatt hit opp til Neådalen!»

Han kom igjen — mange gonger. Og etter at kreftene minka og føtene ikkje bar så godt lenger, vandra tankane til hytta under Neådalsnota og til den låge seterstua under Botnnebbå i Romådalen. For han vart aldri ferdig med Romådalen heller, og så seint som i 1959 skreiv han i eit brev til ein venn:

«Du synger din sang til fjellet, du synger til Romådalens pris, og hver gang rører det ved den ømmeste streng i mitt sinn. Den som skal forstå dette må selv ha opplevd det. Jeg har sittet så mang en kveld på pynten utenfor den låge Øyåsetra og sett skumringen senke seg over dalen, både innenfra og utenfra — det er jo så god utsikt fra den pynten. En slik stemning i et guttesinn er en gave for livet. Den bar jeg med meg i alle de år jeg var utenfor bygda — et kleno-

dium og et vern, og den kommer jeg til å bære med meg til siste stund — kanskje blir det mitt siste, slørete syn.»

Så usentimentalt og vakkert kan det heile seiast, og her er vel svaret på alle spørsmål om kvifor Josva Halle vendte tilbake og slo seg til ro inne i fjellheimen. Han kom som ein pilgrim, han stod på sitt «forklarelsens berg» og visste at her hørte han til, og her ville han vera!

Og du som har vandra dei same stigane, vil vera takksam for at du fekk møte denne mannen med det romslege sinn og det trygge handslag — eit stort menneske i ein storfelt natur.